

Kontroll, vurdering og registrering av familiegrupper av gaupe

Nasjonalt overvåkingsprogram for rovvilt (www.rovdata.no)

Versjon 09.12.13

Instruksen «Kontroll, vurdering og registrering av familiegrupper av gaupe» er ein del av «Nasjonalt overvåkingsprogram for rovvilt» i Noreg (www.rovdata.no) og «Naturvårdsverkets metodik för inventering av stora rovdjur i Sverige» (www.naturvardsverket.se), og gjeld for personar tilknytt SNO i Noreg, Länsstyrelsen i Sverige og dei svenske samebyane sine overvåkingskoordinatorar, som har ansvar for å kontrollere og kvalitetssikre observasjonar av store rovdyr i felt, og å registrere desse i Rovbase.

Sjå www.rovdata.no og www.naturvardsverket.se for øvrige dokument og faktablad som omhandlar overvakinga av store rovdyr i Noreg og Sverige, og vitskapeleg litteratur om overvaking av store rovdyr.

Denne instruksen presenterer reglar som gjeld for registrering av familiegrupper av gaupe, og beskriv korleis observasjonar skal registrerast i Rovbase, kva informasjon som skal leggest ved og korleis observasjonar skal vurderast. Datagrunnlaget for registrering av familiegrupper er syns- og sporobservasjonar, daude eller ivaretekne gaupeungar, foto og film og radiomerkte gauper. I Sverige finst òg lover og forskrifter som regulerer overvakinga av store rovdyr, desse er lista opp sist i instruksen.

Samandrag

Registreringsperiode

- Familiegruppeobservasjonar: 1. oktober – 28. (29.) februar.
- Daude eller ivaretekne gaupeungar: 1. oktober – 31. mars.

Fristar og ansvar for registreringa

- Data skal registrerast i Rovbase fortløpande.
- Kontroll og kvalitetssikring av data i Rovbase (regionalt ansvarleg SNO/registreringsansvarleg Länsstyrelsen) skal vere ferdig innan 15. mars.
- Gruppering av kontrollerte data i Rovbase gjerast av registreringsansvarleg hjå Länsstyrelsen fortløpande, og seinast innan 15. mars. I Noreg gjennomførast grupperinga av Rovdata etter registreringsperioden.
- Gauper som takast hand om eller fellast under skadefelling eller lisensfelling/kvotejakt skal sendast til Statens Veterinärmedicinska Anstalt

(SVA) i Sverige eller Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) i Noreg innan 1 veke.

- Data som inkluderer daude årsungar skal vere registrert i Rovbase innan 15. april. I Sverige skal desse òg vere gruppert av registreringsansvarleg hjå Länsstyrelsen innan denne dato.

Skjema (gjeld berre Noreg)

- Skjema skal sendast til regionalt ansvarleg fortløpande.
- Skjema skal sendast til Rovdata innan 15. mars.

Sporobservasjonar

- Tre eller fleire dyr skal sporast minst 1 km.
- To dyr skal sporast minst 3 km.
- Det skal leggjast ved bilete av sporavtrykk og spordeling som tydelig viser art og antal, og GPS-sporlogg over den utførte springa i Rovbase.

Foto og film

- To eller fleire dyr på same bilete, eller innan eitt minutt ved film eller fotosekvens.
- Det skal vere tydeleg skilnad i storleik mellom vaksen og unge/ungar.
- Bilete frå publikum (gjeld førebels berre Noreg) skal meldast innan tre veker, og stad/datoinnstillingar skal kontrollerast.
- Alle bilete som leggjast til grunn for vurdering av observasjonen skal leggjast inn i Rovbase.

Synsobservasjonar

- Synsobservasjonar gjort av feltpersonell kan godkjennast utan fotodokumentasjon.
- Synsobservasjonar gjort av publikum godkjennast berre etter feltkontroll og sporing, og vurderast etter same kriterium som sporobservasjonar.

Særskilling i felt

I unntakstilfelle og ved mistanke om fleire familiegrupper innanfor den avstanden som er gitt av avstandskriterium bør antal familiegrupper så langt det er mogleg avklarast ved samansporing/særskilling i felt ved bruk av:

- Ringing av familiegrupper.
- Baksporing til siste snøfall.
- Spore observasjonar frå kvarandre til avstanden mellom dei er større enn avstandskriteriet.
- Sjå òg instruksen «Fastsetjing av antal familiegrupper» og faktablada «Særskilling og gruppering av gaupe i felt» og «Avstandskriterium for gaupe».

Bedømming av observasjonar

Basert på kontrollane i felt skal observasjonane kategoriserast som *Dokumentert*, *Anteke sikker*, *Usikker*, *Feilmelding* eller *Kan ikkje vurderast*.

Definisjonar

Familiegruppe: Hodyr med unge/ungar.

Feltpersonell: Noreg: Personell som arbeider på oppdrag frå SNO og som har gjennomført opplæring. Sverige: Ansette hjå Länsstyrelsen som har fått i oppdrag å utføre feltarbeid og kvalitetssikring av observasjonar og har gjennomført utdanning med godkjent resultat i følgje § 5 NFS 2007:10. Dei er òg kontaktpersonar mot samebyane.

Overvåkingskoordinator: Den personen i ein sameby som er oppnemnt av Sametinget og er ansvarleg for å samordne registreringa av store rovdyr og som har gjennomført utdanning med godkjent resultat i følgje § 5 NFS 2007:10.

Samanhengande sporing: Sporing av familiegruppe der sporløypa følgjast på ein slik måte at delingar oppdagast, samt at risikoen for å oversjå inn- og utspor minimerast. Enkelte sporavbrot kan akseptast.

Totalt spora strekning: Summen av dei spora strekningane inkludert avbrota.

Feltkontroll

Alle observasjonar av familiegrupper gjort innanfor registreringsperioden som indikerer familiegruppe, som kan ha betydning for det endelege resultatet eller vere av betydning for erstatningsutbetaling til samebyar i Sverige, skal så langt det er mogleg kontrollerast og kvalitetssikrast i felt av feltpersonell. Feltkontroll bør fortrinnsvis skje saman med observatøren.

Dersom observasjonar ikkje vert kvalitetssikra skal grunnen til dette gjevast i Rovbase.

Aktivitetsdato skal i Rovbase førast som det aktuelle tidsrommet for aktivitet, frå den første moglege datoen og tidspunkt spora kan ha vorte avsett til den siste moglege datoen og tidspunkt spora kan ha vorte avsett.

For alle observasjonar som er innrapportert som mogleg familiegruppe skal det kryssast av for «Yngling» i Rovbase. Dette gjeld uansett kva kategori observasjonen vert vurdert til etter feltkontroll og kvalitetssikring.

Kategorisering av observasjonar i Rovbase

Basert på kontrollane i felt skal observasjonane kategoriserast som *Dokumentert*, *Anteke sikker*, *Usikker*, *Feilmelding* eller *Kan ikkje vurderast*.

Dokumentert

Observasjonar som oppfyller krava for antal dyr, spora strekning og dokumentasjon med sporlogg og bilete vurderast som *Dokumentert*. Observasjonar som vurderast som *Dokumentert* skal kontrollerast og godkjennast av Rovdata/Länsstyrelsen før dei kan inngå i ei gruppering.

Anteke sikker

I unntakstilfelle der det er særskilte grunnar til at sporlogg og/eller bilete manglar, og under føresetnad at dei andre krava er oppfylte kan

Rovdata/registreringsansvarleg hjå Länstyrelsen godkjenne observasjonen som *Anteke sikker*, før den kan inngå i ei gruppering.

Usikker

Observasjonar av familiegrupper som ikkje oppfyller krava for å verte vurdert som *Dokumentert* eller *Anteke sikker*, eller som på grunn av manglar i dokumentasjon eller feltarbeid er vanskelege å tolke, skal vurderast som *Usikker*.

Feilmelding

Observasjonar av familiegrupper som viser seg å vere feil, t.d. feil art eller enkeltdyr registrerast som *Feilmelding*. Resultatet av feltkontrollen beskrivast nærare i merknadsfeltet.

Dersom feltkontroll viser at det dreier seg om enkeltdyr av gaupe eller anna rovdyr (brunbjørn, jerv eller ulv) skal observasjonen i tillegg registrerast som ein ny observasjon i Rovbase.

Kan ikkje vurderast

Observasjonar som ikkje er kontrollert skal registrerast som *Kan ikkje vurderas* i Rovbase. Grunnen til at observasjonen ikkje er kontrollert skal beskrivast i merknadsfeltet.

Sporobservasjonar av fleire dyr saman

Dokumentert

For at ein sporobservasjon av fleire dyr skal godkjennast som *Dokumentert* familiegruppe må følgjande kriterium vere oppfylt:

- Spora må gå i same retning, og vere avsett på same tid.
- 3 eller fleire dyr skal sporast samanhengande i minimum 1 km. Enkeltavbrott på inntil 100 m aksepterast, men den totalt spora strekninga skal alltid vere minimum 1 km (dersom det er 2 avbrott à 100 m skal totalt spora strekning vere minimum 1,2 km).
- 2 dyr skal sporast samanhengande i minimum 3 km. Enkeltavbrott på inntil 500 m aksepterast, men den totalt spora strekninga skal alltid vere minimum 3 km (dersom det er 1 avbrott à 500 m skal totalt spora strekning vere minimum 3,5 km).
- Det må leggjast ved GPS-sporlogg over den utførte springa.
- Det må leggjast ved foto som tydeleg viser art og antal.
 - Bilete med poteavtrykk eller artsspesifikke karakteristika for å verifisere art.
 - Oversiktsbilete som viser at fleire dyr har gått saman (splitting av sporløype), og at desse har gått i same retning til same tid.
 - På alle bileta skal det leggjast ved ein referanselapp med informasjon om stad, dato og registreringspersonell og referanse av kjent storleik (t.d. tommestokk) for å vise storleik på spor og steglengde. Alternativt kan det leggjast med ein GPS med koordinatar og dato godt synleg på skjermen.

Anteke sikker

I unntakstilfelle der det er særskilte grunnar til at sporlogg og/eller bilete manglar, og under føresetnad at dei andre krava er oppfylte kan Rovdata/registreringsansvarleg hjå Länsstyrelsen godkjenne observasjonen som *Anteke sikker*.

Daude eller ivaretekne gaupeungar

Daude eller ivaretekne gaupeungar skal inkluderast i materialet frå 1. oktober – 31. mars. Ivaretekne ungar skal registrerast som ein rovviltobservasjon, medan daude ungar skal leggest inn under «Daude rovdyr» i Rovbase, og det skal kryssast av for «Yngling». For at ein gaupeunge skal vurderast som *Dokumentert* må den vere aldersbestemt av Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) eller Sveriges Veterinärmedicinska anstalt (SVA). Resultatet skal førast i Rovbase innan 15. april.

Foto og film

Frå feltpersonell

Fotografi eller film av fleire gauper saman kan godkjennast som ei *Dokumentert* familiegruppe dersom:

- Bilete av to eller fleire dyr saman på same bilete med tydeleg skilnad i storleik mellom dyra.
- Fotosekvens (fleire bilete i serie) eller film av to eller fleire dyr som ikkje er i same bilete akseptert dersom det er mindre enn 1 min mellom når dyra passerer, og det skal vere tydeleg skilnad i storleik og utsjånad mellom dyra.

Frå publikum (førebers berre i Noreg)

Fotografi eller film av fleire gauper saman kan godkjennast som ei *Dokumentert* familiegruppe dersom:

- Originalbileta utleverast.
- Bilete eller film skal vere meldt til SNO innan tre veker.
- Bilete av to eller fleire dyr saman på same bilete med tydeleg skilnad i storleik mellom dyra.
- Fotosekvens (fleire bilete i serie) eller film av to eller fleire dyr som ikkje er i same bilete akseptert dersom det er mindre enn 1 min mellom når dyra passerer, og det skal vere tydeleg skilnad i storleik og utsjånad mellom dyra.
- Staden biletet er teke skal kontrollerast i felt av feltpersonell og ved kontrollen skal ein kjenne att staden frå biletet.
- Datoinnstillingar på kamera skal kontrollerast av feltpersonell.

Synsobservasjonar

Synsobservasjonar av familiegruppe skal vurderast som ei *Dokumentert* familiegruppe dersom:

- Synsobservasjon av hogaupe med unge/ungar gjerast at feltpersonell.
- Det leggjast ved foto av dyra eller sporløype.

Dersom synsobservasjonen ikkje kan dokumenterast med bilete av dyr eller spor skal den vurderast som *Anteke sikker*.

Synsobservasjonar innmeldt av publikum godkjennast ikkje utan vidare feltkontroll og sporing, og vurderast etter same kriterium som sporobservasjonar.

Tidsfristar og ansvar

Registrering av observasjonar i Rovbase skal gjerast fortløpande av feltpersonellet.

I Noreg skal skjema fortløpande sendast til regionalt ansvarleg i SNO. Grupperinga i Noreg gjerast av Rovdata etter at registreringssesongen er ferdig.

I Sverige skal registreringsansvarleg hjå länsstyrelsen fortløpande gruppere observasjonar av familiegrupper i Rovbase. Observasjonar av familiegrupper skal vere gruppert innan 15. mars, og observasjonar av daude ungar skal vere gruppert innan 15. april. Grupperinga skal vere sluttgiltig for län utan reinbeite og førebels for län som berørast av reinbeite. Overvåkingsresultatet skal årleg kontrollerast og fastsetjast av Naturvårdsverket.

Skjemaføring (berre i Noreg)

Alle meldingar om familiegrupper skal førast på skjema. Fyll ut registreringsskjema fullstendig og nøyaktig med utfyllande opplysningar om feltkontroll. Skjema, saman med bilete/film og GPS-sporlogg, skal sendast inn fortløpande til regionalt rovviltansvarleg.

Innan 15. mars skal alle observasjonar av familiegrupper/ungar vere kvalitetssikra og registrert i Rovbase av regionalt rovviltansvarleg i SNO. Skjema og registreringsmateriell (foto mm.) skal vere sendt til Rovdata.

Rovdata
v/Henrik Brøseth el. Mari Tovmo
Norsk Institutt for Naturforskning
Postboks 5685 Sluppen
N-7485 Trondheim

Lover og forskrifter

I Sverige finst òg følgjande lover og forskrifter som regulerer overvakinga av rovdyr og erstatningsutbetaling for førekomst av desse artane.

- 1) Viltskadeförordning (2001:724)
- 2) Förordningen om förvaltning av björn, varg, järv, lo och kungsörn (NFS 2009:1263)
- 3) Naturvårdsverkets föreskrifter och allmänna råd om inventering av björn, varg, järv, lodjur och kungsörn (NFS 2007:10)
- 4) Föreskrifter om ändring i Naturvårdsverkets föreskrifter och allmänna råd (NFS 2007:10) om inventering av björn, varg, järv, lodjur och kungsörn (NFS 2012:01)
- 5) Föreskrifter om ändring i Naturvårdsverkets föreskrifter och allmänna råd (NFS 2007:10) om inventering av björn, varg, järv, lodjur och kungsörn (NFS 2012:12)
- 6) Föreskrift om bidrag og ersättning för rovdjursförekomst i samebyar (STFS 2007:9)